



FORNYINGS- OG INSPIRERER	
ADMINISTRASJONSDEPARTEMENTET	
6 JUNI 2008	
ARKIVKODE:	
SAKSNR. 200800301-217	

Os, 12.06.2008

Fornyings- og administrasjonsdepartementet
Postboks 8004 Dep

0030 OSLO

L.nr.
10315/08

Saknr.
08/1426

Arkivkode
200//

Eining/Sabh
ORG/GSH

Dykkar ref.

SVAR - OFFENTLEG INNKREVJING (NOU 2007:12)- LA STATEN HØYRA KVA KOMUNANE MEINER

Os kommune sluttar seg ti KS sine synspunkt i høyringa. Vi vil likevel koma med følgjande merknadar i tillegg:

Som mellomstor kommune har vi både god dagleg kompetanse og er tilstrekkeleg nær brukarane våre for å løysa oppgåver på best mulig måte. Ei statleggjering vil øydeleggja dei gode synergieffektane ein har ved innkrevjing av andre kommunale krav. Drift av skatterekneskapet og innkrevjing tilsvarar om lag 1/3 av økonomieininga som driv innkrevjing av kommunale krav. Dette fører til at tyngda, sakstilfanget og fagkompetansen ved innkrevjing i dag ligg på skatteområdet. Om desse arbeidsoppgåvene blir statleggjort, vil ein få problem med å behalda og rekruttera så vel økonomisk som juridisk kompetanse og vera svært sårbar ved fråvere og oppseiingar. Sakstilfanget elles vil vera for lite til å oppretthalda den same høge kvaliteten på sakene.

For å ivareta inbyggjarane våre, er det naudsynt å vera nær dei for å koma i dialog. Brukarane våre har i stor grad behov for å vera nær tenestene. Skatteoppkrevjaren er dagleg i kontakt med skuldnar og har lokalkunnskap om familie situasjon, butilhøve osv. og handlar deretter. Debitortilpassa innkrevjing har vore praktisert i mindre og mellomstore kommunar i lang tid.

Mange av brukarane har samansette problem der den økonomiske gjeldsbyrda er ei av mange. Vi er ikkje i tvil om at å vera nær brukarane våre fører til at ein i større grad kan finna smidige løysingar til beste for både brukarane og kreditorane. Det er i stor grad dei same skyldnarane ein har ved både kommunale krav og skattekrav. Høve til å samkøyra innkrevjinga er då tilstades. Dette gjeld særleg i filfelle der ein har persnar med samansette problem, og økonomi berre er ei av utfordringane.

Med helsing


Terje Saviknes
Ordførar

Kopi: Kommunesektorens interesse- og arbeidsgiverorganisasjon
Postboks 1378 Vika
0114 OSLO

ADRESSE	TELEFON	WEB/EPOST	INFO
Rådhuset	Sentralbord: 56 57 50 00	postmottak@os-ho.kommune.no	Bankgiro: 6525.05.05676
Torggata 7	Telefax: 56 57 50 01	www.os.hordaland.no	Org.nr.: 844 458 312
Pb.84, 5202 Os	Dir. innval: 56 57 50 20		